

SALME

til 75 årsfesten for Seim kyrkja, 19-7-53.

Tone: Av høiheten oprunden er.

Høyr kyrkjeklokka ringjer heim
til høgtidshelg i dag i Seim,
og ynskjer oss velkomen.
Kring gamle horg og hov og vang
der kling so ven ein klokkeklang
med kall frå Heilagdomen:
«Kome alle gamle, unge,
trøytt av tunge slit i vyrka.
Kom til fest i fedrekyrkja.»

Hit søkte våre feder før.

Her fann dei støtt ei opi dør,
rom ved nådebordet.

Her møtte Gud dei, gong på gong.

Her fekk dei hjelp i tyngste trong
igjennom Bibelordet.

Må so Herren, Æresgjesten, signa festen
før oss alle.

La si åndsdogg på oss falle.

Johs. M. L. Rydland.